

## VURDERING AV MERKNADER ETTER 2. GONGS HØYRING

### PRIVATPERSONAR , LAG OG ORGANISASJONAR

**1) Else Chr Våge og Per Ove Våge, Salt** – uttaler at kommunen har laga nye skisser med tre vegar og ikkje i tråd med det dei hadde planar om.

Kommentar:

I KU-en er skissa som grunneigar har sendt inn nytta, men forslaget blei frårådd. Planutvalet var av anna meining. Areal og vegar som blei lagt inn i arealplanen til første gongs høyring samsvarer med grunneigars forslag. Pga. motsegn frå fylkesmannen blei forslaget tatt ut til andre gongs høyring.

**2) Geir Magne Hoddevik, Hoddevik** – ønskjer at eigedomen 46/2 og 12 blir tatt med som LNF spreidd bustadbygging.

Kommentar:

Deler av eigedomen ligg innanfor LS 8 spreiddbygd. Men det er ikkje så stor del som kan fortettast og utbyggast. Utviding av området vil medføre ny høyring og er ikkje aktuelt.

**3) Geir Ove Jørgensen**, vil ha inn fiskerikar i Lestovika.

Kommentar:

Arealspørsmålet vart tatt opp i drøftingsmøte i planutvalet 12.01.17, men ikkje foreslått utlagt. (Usikker på om det blei protokollført.) Politisk blei det argumentert for at det er mogleg å kombinere/samlokalisere fiskerihamn og andre hamneformål/næringsareal m.a. på Hatlenes.

**4) Hallgeir Bortne og Hilde Sande**, – vil ha 59/13 i Hamrosen omgjort til friområde og næringsområdet tatt ut.

Kommentar:

Merknaden er vanskeleg å imøtekomme. Det er vurdert fleire ulike alternativ, men dette er vurdert å vere beste løysing sjølv om det kjem i konflikt med naturinteresser. Jf. kommentar under fylkesmannens merknad.

**5) Jan Ove Hoddevik, hyttefelt Hoddevikdalen**, - understrekar viktigeita av å ivareta kulturlandskapet også i Hoddevikdalen og at ein må unngå nedbygging.

Kommentar:

Omfang av hytter og utforming av området må vurderast særskilt opp mot kulturlandskapet i samband med reguleringsarbeidet. Jf. fylkesmannens merknad om vurdering av utstrekning, plassering og materialval samt behov for registrering av biologisk mangfald.

**6) Trimgruppe, Stadlandet** – klager på behandling av deira innspel om trimløype rundt Blikneset og langs strandsona til sentrum i Leikanger.

Kommentar:

Blikneset er omfatta av fleire forslag, og blei KU-vurdert m.o.t tursti, hytter, camping m.m. Det har ikkje vore diskusjon om turløype til sentrum, sjølv om det er sendt forslag om det. Det er vanskeleg å ta med dette no, sjølv om det er eit godt tiltak. Det krev høyring minimum grunneigarar og fylkesinstansane.

**7) Magnhild Hoddevik m.fl., Hoddevik** – uttaler at låven er regulert som næringsbygg og ønsker eit areal rundt denne lagt ut til næringsformål.

Seier vidare at offentleg parkering ved kiosken kjem for nær eiga drift og vil helst at parkeringa blir flytta til fellesområdet aust for naustrekka. Ein vil då samle inngrepa og har plass til seinare utviding ved behov.

Kommentar:

Løa har fått godkjend brukesending til lagerbygg. Det er gitt løyve til å drive yoga og liknande enkle aktivitetar. Det er ikkje aktuelt å ta inn nytt næringsareal rundt løa då det vil krevje ny høyring.

Forslag til parkering verkar som ei fornuftig løysing. Arealet er alt merka til parkering i arealplanen.

**8) Rolf Aarsheim, skredfare** – stiller spørsmål om skredfareavgrensinga.

Kommentar:

Avgrensinga er basert på aktsomhetskart for jord- og flomskred utarbeidd av NVE

**9) Svein Hansen, avgrensing av BKB5**, - ber om opplysningar om kven som har prosjektert utvidinga slik den framkjem på kommuneplankartet.

Kommentar:

Ingen har prosjektert kartdata. Forslag om utviding blei framsett av planutvalet som vurderte at området kunne utvidast til å omfatte området merka H530. Arealet er diskutert med fylkesmannen, og KU er utarbeidd med positiv tilråding. Fylkesmannen har akseptert arealavgrensinga, men krev 40 meter byggegrense til sjø for hytter, jf. 37.

**Grunneigarane Årsheim Næringspark, Svein Hansen**

Sterke angrep på administrasjonen for saksbehandlinga av forslaget. Forslagsstillar har i fleire omgangar lagt fram sitt forslag, og i klare ordelag poengtert at avgjerda om ikkje å legg ut arealet til næringspark er fundamentert på sviktande kunnskapsgrunnlag.

Krev framleis at arealet skal leggest ut til næringspark og viser til at det er i tråd med Kystverket og kommunestyret sine tidlegare tilrådingar.

Kommentar:

Forslagsstillar har rett til å meine dette, men han tar då ikkje med i si vurdering at planprosessen har fleire partar som skal høyrast m.a. fylkesmannen. Fylkesmannen har kome med motsegn til forslaget. Planutvalet har forsøkt å legge til rette for eit mindre næringsareal for turistformål i eit omfang som også fylkesmannen kan akseptere. Ei motsegn vil føre til departementsbehandling med uvist utfall, men sannsynleg i tråd med fylkesmannens syn.

**10) Terje Nybakk, kommunalteknikk** – uttaler at ved regulering av ny hamn og næringsområde, må dagens avkøyrsløse til etablert næringsområdet og sentrum flyttast austover til området BKB4.

Kommentar:

Vi er samd i dette. Endra tilkomst og avkøyrsløse må avklarast i reguleringsplan.

**11) Anfinn Sjøstad, næringsareal Leikanger** – ber om at næringsarealet på gbnr 23/5 blir tatt ut av planen.

Kommentar:

Planendringar kom som følge av dialog med fylkesmannen. Dersom arealet blir tatt ut blir det lite areal tilbake til framtidig næringsutvikling. Det er krav om regulering av området. Gjennom planarbeidet kan ein definere nærare kva type verksemdar som kan etablere seg i randsona til etablert busetnad, m.a. for å minimere eventuell brukskonflikt.



**12) Vegard Slotsvik og Lise Istad Slotsvik, Selje** – har intensjonsavtale om kjøp av tomte gbnr 56/251 til hytteformål. Dei har levert protest mot formål som er LNF i arealplanforslaget.

Kommentar:

Tomta er uregulert, og har ikkje vore lagt ut til bustadføremål i tidlegare arealplanar. Den blei fårdelt som bustadtomt i 2007.

Utlegging av denne tomte til byggeformål vil krevje ny høyring og er ikkje aktuelt. Søknad om byggeløyve til bustadføremål, kan ev. skje som dispensasjonssak. Det er ikkje aktuelt å gi løyve til fritidsbebyggelse.



Det er ikkje grunnlag for å krevje erstatning som følgjer av planforslaget jf. plan og bygningslova § 15-1.

**13) Målfrid Vederhus og Kåre Ljøen** – merknaden gjeld eigedomane 56/251 og 56/6 som dei vil ha lagt ut til byggeformål for bustad- og fritidsbustad.

Kommentar:

Når det gjeld skredfare for området så er omsynssona lagt i samsvar med NVE sine kartdata, og kan ikkje fjernast sjølv om grunneigar ønskjer det. Det er utbyggjar som må dokumentere med bruk av fagkunnig (geolog) at området ikkje er rasutsett, og først då kan omsynssona fjernast.


Kjøpar og seljar har sjølv plikt på seg til å undersøkje/informere kva planar og restriksjonar som ligg på areala. Sjølv om eigedomar frå gammalt av har vore frådelt til tomteformål, er det ikkje gitt at dei kan byggast ut i dag. Det er til ei kvar tid gjeldande regelverk som skal leggast til grunn ved behandling av bygge- og frådelingssøknader. I forhold til tidlegare er det no for eksempel strengar strandsonevern, strengare krav til sikring mot naturpåkjenning (skred/ekstremvêr/stormflo), byggegrense til kulturminne, fylkeskommunale vegar, tilkomst og krav til vass- og kloakksystem mm.

Viser til kommentaren under punkt 12 når det gjeld gbnr. 56/251. Utlegging av nye tomter vil medføre nytt offentleg ettersyn og er ikkje aktuelt.

**14) Marius Johan Svor** – merknaden gjeld Sandvikneset ved Barmsund. Utbyggar ber om at det ikkje blir sett byggegrense mot sjø i vest (grense mot gbnr 80/3), pga. ønskjer fritidsbustader med felles uteområde /kai mot sjø.

Kommentar:

Fylkesmannen har motsegn til forslaget og krev reduksjon av byggearealet slik at byggeområdet ikkje omfattar neset på nedsida av vegen. Vi oppfattar det slik at det er arealet på nedsida av internvegen som er meint, jf. skisse til utbygga, og tilrår at byggearealet blir justert i tråd med dette i fall utbyggar ser seg tent med det.



**15) Jarle Honningsvåg** – uttalar at han har hatt planar om rorbu på si nausttomt gbnr 21/12 , på sørsida av Blikneset, og at han no ser at tomta er tatt ut av arealplanen. Han viser til annan utbygging som har skjedd i området og krev at han får rorbuprojektet inn i planen igjen.



Kommentar:

Tomta har ikkje vore lagt ut til byggeformål i gjeldande kommuneplan, og heller ikkje i høyringsforslag. Utlekking av tomt til byggeformål vil medføre nytt offentleg ettersyn og er ikkje aktuelt. Viser elles til fylkesmannen sin merknad om å redusere byggearealet på Blikkneset. Jf. punkt 37.

Deler av eigedomen er lagt ut til bustadformål, B8 og deler til turistformål BFT4.

**16) Selje Senterparti v/Sidsel Otnes** – viser til dei negative konsekvensane for jordvernet og protestere mot å legg ut matjorda på Sjøstad til næringsformål.

Kommentar:

Viser til fylkesmannens merknad punkt 37.

**17) Statfisk AS** – ber om at eigedomen deira blir lagt ut til reiseliv – og fritidsformål.

Kommentar:

Dette ligg alt inne i plankartet.

**18) Jon Frogner** – lanserer på nytt forslag om hyttefelt i Ervika, aust for Ervikvatnet. I tillegg ønskjer han at det blir lagt ut nausttomt ved Ervikvatnet.

Kommentar:



Utlekking av nye byggeareal vil medføre nytt offentleg ettersyn og er ikkje aktuelt. Forslaget om hyttefelt er vurdert tidlegare og avslått.

**19) Stadpipe as, ved Nils-Per Sjøstad** – kritiserer ein lang planprosess og uttaler at ein har lite igjen for den. Utrykker vidare at planforslaget ikkje er framtidsretta og at utforminga av kaiområdet ikkje er funksjonelt og har feil utforming. Reagerer negativt på at landbruksareal blir omdisponert til næringsformål.

Kommentar:

Kommuneplanprosessar tar lang tid, og behandlingstida er ikkje noko særmerkt for Selje. Kva som til sjuande og sist blir resultatet med omsyn til arealbruken, vil vere avhengig av mange interesser og omsyn som kommunen må ta.

Når vi går tilbake og ser på Stadpipe sin merknad av 15.12. 16, så er planforslaget i hovudtrekk i tråd med Statpipe sitt ønske. Unntaket er forma og omfang på kai, men det er til gjengjeld tydeleg klarlagt i planutvalet sitt vedtak at retning på kai, form og omfang skal nærare avklarast og utformast i reguleringsplan. Dette blir også nedfelt i føresegnene.



Næringsareal i søraust er tenkt som overgangssone med t.d. turisme ev annan næringsverksemd. M.o.t landbruksareal og vurdering av desse viser vi til fylkesmannens uttale.

**20) Per Helge Helgesen** – ber om utviding av arealet BKB12 på Berstad både på sør og nordsida.

Kommentar:

Fylkesmannen ved landbruksavdeling rår sterkt frå utlegging av arealet BKB12 sør for Berstadelva, og ei utviding er derfor ikkje aktuell. Utviding vil medføre ny høyring og truleg motsegn. BKB12 blir vidareført som vist i 2. gongs høyring.

**21) Selje idrettslag** – uttaler at Saramarka er den dårlegaste plassering av ny idrettshall og at den bør plasserast ved sidan av/bak tribuna.

Det er gjort vurderingar av plassering i KU-en, og vi står fast ved konklusjonen om at Saramarka er beste løysing på lang sikt. Ein idrettshall vil naturleg bli ein fleirbruks hall for fleire idrettar. Den vil truleg måtte ha ei minimumshøgde på 9 meter (handball krev fri høgde på minimum 7 meter). Idrettslaget sitt forslag vil kunne medføre at uteområdet til barnehagen blir liggande i skugge store deler av dagen. Parkerings- og tilkomst til idrettshallen vil generere trafikk og støvulemper i tillegg. Det er ein fordel å samordne tilkomst og parkering med skulen. Hallen vil også kunne brukast av skulen på dagtid.

Det offentlege arealet vil då kunne nyttast til andre funksjonar som kommunen kan bli pålagt i framtida.

**22) Anders Lien**, - hevdar at kommuneplanen har skapt usikkerheit omkring industriarealet på Reset og viser til manglande samsvar mellom plankart og KU. Han meiner den negative framstillinga av næringslivsaktivitetane på Reset og utflytting av næring frå Selje sentrum må ut av plandokument.

Kommentar:

I alle planprosessar har ein situasjonar med ulike synspunkt på arealbruken, slik som i tilfelle for Reset. KU-ens planfaglege vurderingar kan gå på tvers av både næringslivets- og politiske vurderingar. At meiningsbrytningar kjem tydeleg fram viser at demokratiet fungerer. Ein kan ikkje fjerne formuleringar eller dokument frå saker sjølv om ein ikkje liker innhaldet. Dokumenta er offentlege og må følgje saka.

Reset er vidareført som industriareal i samsvar med politisk vedtak.

**23) Børje Petterson og Hanne Marie Utvær**, ber om at 4 område innanfor deira eigedom på Barmen blir lagt ut til spreiddbygde bustad-, fritids eller næringsbygg.

Eigen merknad om oppføring av uthus ved hytte på Hoddevikfjellet (gbrn 46/38).

Kommentar:

Utlekking av nye byggeareal vil krevje ny høyring og er ikkje aktuelt. Kommuneplanen hindrar ikkje utvikling av utleigeverksemd på gardsbruket på eksisterande bygningsmasse. Det er elles sett av areal for LNF-spreidd bustadbygging på eigedomen og eigar kan då søkje om frådelling om ein har reelle planar om tomtosal eller utvikling t.d. for utleige.

Oppføring av uthus knytt til etablert hytte er i utgangspunktet eit lite tiltak, og kan vurderast som dispensasjonssak.

**24) Barmøy grunneigarlag og bygdelag**, vil at planen skal opne for spreidd bustadbygging generelt i alle grendene på Barmen. Hevder det er liten hensikt å sette av spesifikke areal då plassering er avhengig av kven som vil bygge.

Kommentar:

Det er sett av fleire område for spreidd bustadbygging etter ønskje frå grunneigarar, og vi antar då at i alle fall etterkomarar som er knytt til desse har planar/ønskje om etablering. Planen er

elles ikkje til hinder for å gi dispensasjon for frådeling, dersom det likevel skulle kome ein søknad om frådeling av bustadtomter utanfor dei avsette områda.

**25) Torstein Fure**, ber om at tareskogen på strekninga Drage – Fureneset blir freda. (forbod mot taretråling).

Kommentar:

Dette er noko kommunen har ønskt å få gjennomført, men departementsavgjerd hindrar det.

**26) Nordfjord fiskarlag**, viser til vekst i fiskerinæringa og behovet for fiskerikai på sørsida av Selje. Ber om at det bli lagt ut areal til kai i Lestovika eller Øygardsvika, området mellom Salt og fiskeindustrien.

Kommentar:

Lestovika har vore vurdert tidlegare, men ikkje blitt tilrådd. Ein kombinasjon med småbåthamn i Øygardsvika kan vurderast i samband med seinare reguleringsplanarbeid. Det er elles kome fram at næringsområdet på Hatleneset (BN4) kan vere eit aktuelt område for kombinert fiskeri- og næringskai.

**27) Dag Austring og Odd L. Drabløs**, viser til vedtak om etablering av fiskerihamn i Lestovika aldri er oppheva og at dei gjeld framleis. Ber om at arealet blir tatt inn og viser at kaia tidlegare har vore prioritert av fylkeskommunen og Kystverket.

Kommentar:

Som ovanfor (merknad 26).

**28) Venke Moldestad og Øystein Thunem, Salt** - ber om at tomta på gbr 72/1 blir tatt ut av arealplankartet. Dei ønskjer ikkje bustadtomt på areal som i dag er beiteområde for ein gard som er i full drift.

Kommentar:

Tomta LS4, blir tilrådd tatt ut av planen og merknad imøtekomen.

**29) Arnbjørn Bruland, Selje** – forslag om oppfylling av Hamremyrane, utviding av molo/kai vest for saga Boats til sørvest for «Vika-tjønna», og fiskerikai i Lestovika.

Kommentar:

Utlekking av nye byggeareal vil krevje ny høyring og er ikkje aktuelt. Fiskerikai i Lestovika er kommentert under merknad 26.

**30) Øyvind Magne Sjøstad, Leikanger** – protestere mot utlegging av hans eigedom til næringsareal/ industriområde og ber om at arealet blir tatt ut av plankartet.

Kommentar:

Det er behov for landareal i tillegg til kai- og utfyllingsareal. Næringsarealet er i utgangspunktet planlagt som overgangssone mellom tradisjonell industri i vest og meir kombinert næring i aust med kontor og/handel med større varer, og turisme/utleigeverksemd. Formåla og bruken vil bli nærare avklart gjennom reguleringsplan, ein kan gjennom planen fastsette etappevis utbygging slik at eigedom blir utbygd til slutt.

**31) Raymond Myren, Stad kystbygg, Leikanger** – uttaler at endringa som er gjort med omsyn til fleirbrukskaia er uheldig for næringsverksemdene og at ein burde ha større omfang knytt mot sentrum. Er også kritisk til omdisponering av landbruksareal til næring.

Kommentar:

Jf. kommentar under pkt. 11, 19, og 30.

## OFFENTLEGE INSTANSAR

**32) Kystverket, motsegn fiskerihamn Honningsvågen**, - har motsegn då fiskerihamna ikkje er tilstrekkeleg merka.

Kommentar:

Vi ser samd i at hamna kunne vore betre merka. I dag er område vist som Farlei: Hamneområde i sjø, og er feiltolka som småbåthamn (lysblå farge) og kaste og låssettingsplassen er vist med mørk blå. Kartet blir endra i tråd med dialog med Kystverket, og dei tekker då si motsegn.

**33) NVE – ingen merknad.**

**34) Statens vegvesen**, uttaler at talet på avkøyrslar frå fylkesvegen må avgrensast og at ein i størst mogleg grad utnyttar eksisterande. Det skal søkjast om løyve til å etablere nye avkøyrslar og til utvida bruk av eksisterande. Nye avkøyrslar må følgje normkrava i vegvesenet si handbok N100.

Det er elles etterlyst krav om reguleringsplan for tiltak på Blikkneset, Bogeskaret og Sandvikneset/Barmsund.

Kommentar:

Vi legg til grunn at søknadsplikt for utvida bruk, og for etablering av nye avkøyrslar blir følgt opp i byggesak. I føresegnene punkt 1.3 er det sett plankrav for byggeområda, og dette omfattar også dei områda vegvesenet etterlyser.

**35) Bergen Sjøfartsmuseum** – ber om ei presisering i føresegnene, krav om uttale frå dei i samband med søknad om enkelttiltak og behandling av bygge- og reguleringsplanar.

Kommentar:

§ 1.4.3 i føresegnene blir justert i samsvar med dette.

**36) Fiskeridirektoratet – trekker si motsegn** med atterhald om at ålegrasenger, gytefelt og reke-tråling blir tatt inn i plankartet slik det var semje om i møte 27.03.16.

Kommentar:

Plankartet blir endra i samsvar med dette. I tillegg blir føresegnene supplert i tråd med dei faglege råda m.o.t. fortøyingar for oppdrettsanlegg, ivaretaking av naturmiljø og forbod mot hindringar av fiske.

**37) Fylkesmannen**

Etterlyser gjennomgang av godkjend planar som skal vidareførast.

Kommentar:

**Gry avklarar med FM korleis vise planer der deler skal opphevast.**

Byggegrense mot sjø må fastsettast for eldre reguleringsplanar som ikkje har slik definert grense, elles gjeld 100 meters beltet.

Kommentar: **Avklaring med FM om generell regel eller spesifikt for kvar einskild plan.**



Føreset at det skal vere maksimumsgrense for tomtestorleik, og krev dette endra.

Kommentar: Føresegn blir endra i tråd med dette.

Det må leggest inn tilstrekkeleg påslag for bølgepåverknad i tillegg til stormflo og havnivåstigning.

**Kommentar:**  
**Gry avklare med Vågsøy**

**Motsegn til hurtigbåtterminal Hamreosen, tre forslag til løysingar:**

- 1) Områdereguleringsplan for sentrum – krev ny høyring

Kommentar:

Det er uaktuelt med 3. gongs høyring av planforslaget pga. dette er svært ressurskrevjande arbeid.

Kommunen ønskjeleg å legge til rette for at hurtigbåten kan gå i fast rute nordover til Ålesund med fast passering via skipstunnelen. Anløp ved dagens kai vil då vere ein omveg på ruta, i tillegg ønskjer kommunen at det skal vere ei fleirbrukskai slik at dagens anløp av sandskuter kan flyttast over til Hamreosen og frigjere sentrumsnære kaiareal til fritidbåttrafikken.

Områderegulering vil reise mange nye problemstillingar og involvere vesentleg fleire partar/grunneigarar. Framdrifta vil bli deretter og truleg snakker ein då om 1 ½ - 2 års planarbeid.

- 2) Uspesifiserte areal for bebyggelse og anlegg, for ledige næringsareal i sentrum – krev avgrensa høyring.

Kommentar:

Det er få ledige arealet totalt sett i sentrum og spesielt næringsareal med ubygde strandlinje. Det er behov for god tilkomst og venteromsfunksjonar og parkering for ei hurtigbåtkai. I tillegg er det ønskjeleg med fleire funksjonar knytt kaiområde. Løysinga er derfor vurdert som lite hensiktsmessig å gå vidare med.

- 3) Justere byggeområdet i Hamreosen – krev avgrensa høyring

Kommentar:

Vi rår til at byggearealet vert utvida mot vest og aust, og at reguleringsplan må avklare nærare plassering av kaianlegget og forholdet til naturmangfaldet.

Endringa medfører avgrensa høyring.

Dersom fylkesmannen trekker si motsegn på bakgrunn av dette, vil ein kunne ha ein godkjend kommuneplan i juni, og starte reguleringsarbeidet i løpet av hausten.

**Eit 4. alternativ** er å gå vidare med planen, og legge til grunn at motsegna blir avgjort av departementet. Det vil truleg medføre at vi ikkje har endeleg avgjer i sak før ved årsskiftet, og då med uvisst utfall. Ein kan truleg tidlegast starte med reguleringsarbeidet byrjinga av 2018.

**Andre motsegner:**

**BRF4 -Venøya** – held fast ved krav om reguleringsplan for hytteområde.

Kommentar:

Vi rår til at føresegnene blir endra og krav innarbeid.

**BRU3 - Sandvikseidet** – fastheld krav om tidsavgrensing for masseuttak og deponering. Forbod i perioden 01. januar til 01.mai.

Kommentar:

Vi rår til at føresegnene blir endra og krav innarbeid.

**BFT4 – Blikneset, atterhald om motsegn ved regulering.** Rår sterkt frå å legg ut heile Blikneset til fritids- og turistformål. Tiltrår at arealet blir redusert, og avgrensa, og lagt i tilknytning til naustområdet.

Kommentar:

Vi er samd i vurderingane til fylkesmannen, men arealet kom inn som del av politisk vedtak og må avgjerast politisk.

**BKB13 - Sandvikneset ved Barmsund** – motsegn med krav om å ta ut BKB13, eller endre plassering slik at byggeområdet ikkje omfattar neset på nedsida av vegen.

Kommentar:

Vi oppfattar det slik at det er arealet på nedsida av internvegen som er meint, jf. skisse til utbygga, og tilrår at byggearealet blir justert i tråd med dette i fall utbyggar ser seg tent med det.

**LS 28 – Beitveit-Steve,** motsegn til del av føresegn som opnar for bruksendring/bygging av to private fritidsbustader innanfor LS28. Det kan akseptrast bruksendring av naust/sjøbuer og nybygg til turistformål/utleige. Det er eit krav at desse skal plasserast i nær tilknytning til etablerte sjøbuer/naust ( med molo).

Kommentar:

Vi tilrår endring av føresegnene i tråd med fylkesmannens krav.

**BFR11 Hoddevikfjellet** – tek atterhald om seinare motsegn til regulering m.o.t naturverdiar. Det vert rådd til å flytte byggearealet utanfor avgrensinga til naturtypelokaliteten – naturbeitemark med status A (svært viktig). Dersom kommunen held fast ved plasseringa er det krav om undersøking/kartlegging av fagkunnig biolog innanfor naturtypelokaliteten.

Landbruksavdelinga tilrår at hytteområdet blir avgrensa til 5-7 hytter , og at byggeskikk og fargebruk blir ein del av vurderingstema i reguleringsplanen.

Kommentar:

Vi rår til å halde fast ved plasseringa av byggearealet utan å avgrense talet på hytter på dette plannivået, men innarbeide krav om undersøking/kartlegging av naturbeitemarka samt vurdering av byggeskikk og fargebruk.

**BAB 24 – Honningsvågen,** rår til at det blir stilt reguleringskrav for naustområdet.

Kommentar:

Det er sett relativt klare reglar for naustbygging. Vi foreslår derfor at det blir tatt inn eit særskilt punkt i føresegnene om krav til snitt og illustrasjonar som viser terrengtilpassing og omfang på sjøfylling.

**BFT5 – campingplass Ervika** – pga campingplassen er plassert i viktig naturtypelokalitet har FM motsegn. Det blir stilt krav om flytting av området sør/søraustover og nærare sanitærbygget, og at føresegnene avgrensar camping til bubilar og telting.

Kommentar:

Vi tilrår endring i tråd med fylkesmannens krav.

**BKB5 – Årsheim**, - krav om byggegrense til sjøen på 40 meter for hytter og utleigehytter eller andre tiltak som ikkje må liggje ved sjøen.

Kommentar:

Vi tilrår endring i tråd med fylkesmannens krav.

**BFR10 Apalset** – krav om at det i føresegnene skal stå at 5 av tomtene skal vere utleigehytter.

Kommentar:

Vi tilrår endring i tråd med fylkesmannens krav.

**BKB12 Berstad** – landbruksavdelinga rår sterkt i frå utlegging av byggearealet vest for Berstadelva og uttaler at arealet har stor verdi som innmarksbeite. Skipstunnelen beslaglegg og reduserer betydelege landbruksareala i Moldefjorden.

Kommentar:

Vi er samd i vurderingane til fylkesmannen, men arealet kom inn som del av politisk vedtak og må avgjerast politisk.

**BFR12 Eide** – landbruksavdelinga har motsegn til arealbruken der ein tar i bruk fulldyrka jord til kolonihage med hytter, vegar og oppstillingsplass for campingvogn/bubilar.

Kommentar:

Vi er samd i vurderingane til fylkesmannen om at arealbruken medfører permanent omdisponering av landbruksareal og er i strid med jordvernet, men då arealet kom inn som del av politisk vedtak må spørsmålet avgjerast politisk.

**Fleirbrukshamn Leikanger** – krev at det i føresegnene blir tatt inn føringar om etterbruk av matjorda som vert fjerna ved tilrettelegging av næringsområdet.

Kommentar:

Vi tilrår endring i tråd med fylkesmannens krav.

### 38) Fylkeskommunen

**Planfagleg – flytting av hurtigbåtkaia** – meiner at kunnskapsgrunnlaget er for dårleg og at moglege konsekvensar av flytting av hurtigbåtkaia burde ha vore utgreidd før ein innarbeidde ei

løysing i Hamreosen. Rår til at hurtigbåtkaia ikkje blir flytta av omsyn til auka transportbehov for passasjerar og potensiale for positiv utvikling av Selje sentrum.

Kommentar:

Kommunen har vurdert ulike løysingar, om enn ikkje gått i djupna på konsekvensar for sentrum ved flytting av hurtigbåtterminalen. Selje kommune har spreidd busetnad og mange bygder som ligg slik til at ein uansett vil måtte kome i personbil eller buss for å ta hurtigbåten frå Selje. Slik vil det også bli i framtida. Hurtigbåten er ikkje berre eit tilbod for dei som bur i sentrum.

Jf. elles kommentar under fylkesmannens merknad.

**Akvakultur**

Viser til at havbruk er ei nasjonal satsing og at det forsvarar at akvakultur kan vere del av hovudformålet bruk og vern av sjø og vassdrag.

Oppmodar kommune til å ta med formulering om at fortøyingar kan gå ut i fleirbruksområda, dersom det ikkje er i konflikt med fiskeri eller annan aktivitet på eller nær sjøbotn

Kommentar:

I og med fylkesmannen hadde motsegn til dette ved første gongs høyring ønskjer ikkje kommunen å starte ny diskusjon på dette stadiet i planarbeidet.

Formulering om fortøyingar blir lagt inn i føresegnene.

**Kulturminne - automatisk freda**

Tilrår at planomtalen listar opp alle registrerte automatisk freda kulturminne.

**BN3 – industriområde Moldestad**, rår sterkt i frå utviding mot aust pga. det forringar kvaliteten til gravrøysene på og kring Klubbholmen. Det blir vist til at verksemda ved etablering blei gjort kjend med forholda til kulturminna, og den har kunna innretta sin produksjon (logistikk) i samsvar med dette.

Kommentar:

Det er ikkje reist motsegn og vi tilrår at arealet blir liggande, men ved regulering må bedrifta vere budd på å kunne legge fram dokumentasjon på behov knytt til produksjonslinjer og logistikk.

**Kulturminne frå nyare tid**

Fylkeskommunen ønskjer at krigsminna ved Storneset, Nollen og plataet på Kjerringa blir vist med omsynssone H570 bevaring.

Det same gjeld for dei gamle vegfara Berstadeidet, Kongevegen over Manseidet, og gamlevegen over Dragseidet.

Kommentar:

Ingen av desse kulturminna er registrert i kartbasen til Askeladden (kulturminnesøk), og treng særskild avklaring i forhold til avgrensing. Kartet inneheld svært mykje informasjon og det er vanskeleg å legge inn fleire linjer utan at det går ut over lesbarheita. Vi meiner derfor at dette må bli anten del av ein kulturminneplan for kommunen, eller eit temakart på eit seinare tidspunkt.

### **Kyrkjer som kulturminne**

I følgje kirkeloven § 21 skal alle tiltak innanfor 60 meter sona rundt kyrkjer godkjennast av biskopen. Ber om at det vert tatt inn omsynssone H570 i plankartet, og i føresegnene under kulturmiljø pkt. 7.3.

Rår også til at det blir tatt med eigen omtale av kyrkjene i planomtalen.

#### Kommentar:

Vi har lagt H570 sone rundt kyrkja i Ervik og i Leikanger i plankartet, det ligg alt inne for Selje. I tillegg er det lagt inn i føresegnene.

### **Vedtaksfreda bygningar**

Ber om at det blir lagt inn tillegg i føresegnene, om tiltak på bygningar krev dispensasjon. Ønskjer også at freda anlegg blir kommentert i planomtalen.

#### Kommentar:

Føresegnene er endra i tråd med FK sin merknad.

**39) Direktoratet for mineralforvatning** – minner om at planer skal sendast dei for uttale. Då prosessen har kome så vidt langt og det er sett av råstoffutvinningsområde har dei ikkje merknader.

Ålesund 25.04.2017

*Heidi Hansen*

Heidi Hansen  
prosjektleder